



SNAKK SAMAN om språk

Språkleg mangfald er ein ressurs.
Løft fram erfaringane elevane har med språk
og bygg vidare på dei når de skal arbeide med nynorsk.

Gje elevane gode opplevingar med det nynorske språket

Etabler ein klasseromskultur med plass for samtale om språk

Snakk saman om ord og uttrykk som dukkar opp – frå ulike språk og dialektar. Gjer språklege variasjonar og det språklege mangfaldet til faste samtaleemne i klassen.

La elevane prøve ut språket og utforske det

Det ligg mykje morosam læring i å utforske språk! La elevane få gå på leit etter ord i nynorske tekstar – morosame ord, vanskelege ord, fine ord, typiske nynorske ord og faglege omgrep. Jobb gjerne med å finne språklege skilnader og likskapar mellom nynorsk og bokmål.

Bruk kompetansen i personalet

Set av tid i kollegiet til å hjelpe kvarandre og til å dele idear, tekstar og erfaringar.

La elevane prøve ut skriving på nynorsk

Når elevane startar som nynorskskrivarar, skal du rose dei og ikkje fokusere for mykje på grammatikk og rettskriving. La dei få skrive ofte og kort.

La elevane møte nynorsk kvar dag og i ulike samanhengar

Nynorsk er eit bruksspråk, og elevane må få erfare at det fungerer i kvardagen, gjennom til dømes høgtlesing, song og musikk, nynorsktekstar i ulike fag og sjangrar, meldingar på tavla, vekeplanar og på læringsplattforma. Ungdommane må bli eksponerte for eit språk for å verte gode i det.

Inkluder foreldra

Informer foreldra om den ressursen nynorsk kan vere for ungdommane – i form av m.a. språkleg medvit og tilgang til den rike nynorske litteraturen. Oppmode dei til å støtte og motivere elevane i nynorskopplæringa.

Elevar som får ei god nynorskopplæring på ungdomsskolen, har eit fortrinn når dei skal skrive lengre og meir krevjande tekstar på vidaregåande.

Råda er utarbeidde av professor Synnøve Matre i samarbeid med Nynorsksenteret.